



Alver kommune



Årsplan Marihøna barnehage 2020/2021



Innhald

1.0 Innleiing	3
2.0 Barnehagen si innleiing	3
3.0 Verdigrunnlaget.....	4
3.1 Barn og barndom.....	5
3.2 Demokrati.....	5
3.3 Mangfold og gjensidig respekt	6
3.4 Likestilling og likeverd	6
3.5 Berekraftig utvikling	7
3.6 Livsmeistring og helse	7
4.0 Barnehagen sitt formål og innhald.....	8
4.1 Omsorg	8
4.2 Leik.....	9
4.3 Danning	10
4.4 Læring	10
4.5 Vennskap og fellesskap	11
4.6 Samiske barn/ fokus på samisk kultur.....	12
5.0 Barn si medverknad.....	12
6.0 Samarbeid barnehage- heim	13
6.1 Foreldreråd og Samarbeidsutval	13
7.0 Overgangar	14
8.0 Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	14
8.1 Planlegging og vurdering.....	15
8.2 Dokumentasjon	15
8.4 Barnehagen sin digitale praksis	16
8.5 Satsingsområde 2020/2021	17
Felles satsingar for kommunen	17
Barnehagen sine eigne satsingsområde.....	18
9.0 Barnehagens fagområder.....	19
9.1 Kommunikasjon, språk og tekst	20
9.2 Kropp, rørsle, mat og helse	21
9.3 Kunst, kultur og kreativitet.....	22

9.4 Natur, miljø og teknologi.....	23
9.5 Mengd, rom og form	24
9.6 Etikk, religion og filosofi	25
9.7 Nærmiljø og samfunn.....	26
10.0 Progresjonsplanar	27
11.0 Årshjul for barnehagen.....	30

1.0 Innleiing

Det er Kunnskapsdepartementet som fastset **Rammeplanen for barnehagar**. Det ble vedteke ny *Rammeplan for barnehagar*, 24. april 2017. Marihøna barnehage jobbar ut frå denne forskrifa, som er heimla i **Lov om barnehagar**, frå 17. juni 2005.

Årsplanen skal:

- vere eit arbeidsverktøy for personalet.
- vere ein plan for den pedagogiske verksemda
- vere eit arbeidsreiskap for dei tilsette
- vere eit informasjonsdokument for foreldre, barnehagens eigar, samarbeidsutvalet og andre

Denne årsplanen er laga av styrar, i samarbeid med pedagogiske leiarar og resten av personalet. Planen er til slutt godkjend av Samarbeidsutvalet i barnehagen.

2.0 Barnehagen si innleiing

Marihøna barnehage er ein kommunal barnehage som ligg sentralt på Frekhaug.

Barnehagen har to avdelingar: GUL med barn i alderen 0-3 år og RAUD med barn i alderen 3-6 år. Barnehagen vart bygd i 1987 og utvida i 1998. I tillegg til barnehagen sitt eige uteområde, nyttar vi fjell, skog og mark, som er å finne i barnehagen sitt nærmiljø.

Opningstid: 07.00-17.00

Kontaktinformasjon til barnehagen

Kontoret: 56371580/966 34 428

Rød avdeling: 40 92 11 30

Gul avdeling: 40 92 11 31



Personalet i Marihøna barnehage:

Styrar: Kristin Bredholt

Pedagogar

Liv – Marit Fløysand

Mariell S. Hellestveit

Nancy Undheim

Cecilie Hopland

Pedagogiske medarbeidrarar

Ionela Rosu

Therese Hammersland

(Barnehagelærar student)

Christine Aalhus

Lærlingar

Alexander Bakken

Nora Myhr

Barne – og ungdomsarbeidrarar

Nina B. Solberg

Cathrine Augustson

Lene Wiik Nilsen (Barnehagelærar student)

3.0 Verdigrunnlaget

Våre kjerneverdiar:



Dette betyr for oss:

Likeverd og respekt peikar på ulike kvalitetar ved barnehagekvardagen, som at barna skal oppleve å bli inkludert, likeverd og toleranse. Med dette meiner vi mellom anna at barna skal lære å vise omsyn til kvarandre, men også at dei skal bli oppfordra til å ta val, basert på eigne ynskjer og behov. Barns medverknad står her sentralt. Vi praktiserer ein *lyttande pedagogikk*. Dette handlar om å gi seg tid til å lytte til barna og forstå intensjonar og handlingar. Dette krev vaksne som samhandlar med barna, med utgangspunkt i det enkelte barnet sine interesser, behov og føresetnadar. Dei vaksne er aktivt lyttande, reflekterande og sensitive for barnas innspel.

Glede og humor handlar om barnet sin måte å vera i verda på. Humor skapar livsglede og aukar barnet sitt sjølvbilde. I Marihøna barnehage gler vi oss saman med barna, over små og store ting i kvardagen.

Med **nærleik og varme** meiner vi mellom anna at alle barn, gjennom nære og positive relasjonar skal få oppleve tryggleik, omsorg og hjelp til kjensleregulering. Positiv merksemd og dei vaksne si lyttande haldning stimulerer til god sjølvkjensle og eit godt sjølvbilde. Vi ynskjer å skape eit miljø der barna lærar å vise nærleik og varme ovanfor kvarandre.

Marihøna barnehage tilbyr eit varmt og inkluderande fellesskap, der alle barna opplever å bli sett, lytta til og anerkjend.

VÅR VISJON:

MARIHØNA BARNEHAGE – MED DITT BARN I FOKUS!

3.1 Barn og barndom

«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ei god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s.8)

Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 8.)

I Marihøna Barnehage vil vi møte kvart barn på ein anerkjennande måte for å skapa tryggleik og trivsel. Vi vil gje rom for at barna har ulike erfaringar og forutsetningar heimanfrå. Alle barn må få oppleve kjensla om å vere verdifull, ha tru på seg sjølv og eigne evner.

Å få delta i leik er grunnleggande for at barn skal trivast. Leiken er indremotivert og har eigenverdi. Leiken er viktig for å skapa vennskap og for å delta i fellesskapet. Kvar dag skal den frie leiken få tid og rom til å blomstre i vår barnehage. Dei vaksne skal vere støttesspelarar og hjelpe ved å rettleie, setje ord på og forklare, slik at alle barn får ta del i leiken og opplever meistring i den.

3.2 Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd og delta. Alle barn skal kunne få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til innhaldet i barnehagen, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheter.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 9)

I Marihøna barnehage betyr dette at vi skal vera lyttande vaksne som sørger for at alle barn får ytra si mening i fellesskapet. Vi ønskjer å fremje eit demokratisk tankesett der alle skal få uttrykkje si mening etter evne, alder og utvikling. Vi vil at alle skal lære å respektere kvarandre sine meininger, ulikskap og likskap.

Dette gjer vi ved at alle partar skal verte høyrd i ein konflikt. Vi oppmuntrar til at fleire skal vere med å bestemme i leiken, slik at fleire stemmer vert høyrd. Barna skal få støtte på å balansera mellom å setje eigne behov og ønskjer først og det som er best for fellesskapet. Dette er viktig for barnets demokratiske utvikling.

3.3 Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 9)

I Marihøna barnehage vil vi formidle grunnleggjande verdiar som respekt, likeverd og nestekjærleik. Vi ønskjer å synleggjere at alle er unike og verdifulle sjølv om vi er ulike og at vi kan lære av kvarandre. Både barn og vaksne skal kjenne seg stolt over eigen identitet. Personalalet skal ivareta språkleg og kulturelt mangfald. Barnehagen skal bruke mangfaldet som ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrka og følgje opp barna ut i frå deira eigne kulturelle og individuelle forutsetningar. Vi vil anerkjenne ulikskap og skilnadar, og ha eit syn på dette som naturleg og berikande for alle. Vi jobbar med familie og familieformer, ulike levesett og levemåtar. Gjennom arbeid med dette får barna kjennskap til ulikskapen som finnes i det samfunnet vi er ein del av.

3.4 Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirka alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 10)

I Marihøna barnehage skal alle barna bli møtt med respekt, anerkjenning og forståing. Barna skal oppleva seg sjølv som ein viktig del av fellesskapet der de blir sett og høyrd. Gjennom arbeid med likestilling og likeverd vil vi bidra til å førebygga diskriminering. Dette vil vi gjera blant anna gjennom personalalet som gode rollemodellar og som utøver praksis der likeverd og likestilling er i fokus. Vi vil bruka leiken som arena der barna fritt kan utfolda seg og bygga relasjonar på tvers av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Samlingsstund kan brukast som arena for samtale og refleksjon rundt blant anna kva som er likt og kva som er ulikt. Då kan vi skapa grunnlag for å oppdaga at vi er både forskjellege og ganske like på same tid. Det kan vera eit godt utgangspunkt for å skapa anerkjenning og forståing for kvarandre.



3.5 Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 10)

Marihøna Barnehage har frå januar 2020 delteke på eit fellesprosjekt med NLA Høgskulen der hovudmålet var å få eit felles språk, felles forståing og tankesett rundt berekraft i barnehagen. Vi ønskjer at berekraft skal vere ei viktig «grunnstein» i alt pedagogisk arbeid – ei berekraftig praksis – eit haldningsskapande arbeid.

Personalet ønskjer å vere gode rollemodeller gjennom ei berekraftig praksis som til dømes gjennom kjeldesortering og korleis vi behandler utstyr og leikar. Barna skal få erfare og utforske kva som finns i naturen rundt oss og få kjennskap til at alt har ein funksjon og verdi. På dette grunnlaget ønskjer vi å skape ei felles berekraftig haldning om å ta vare på naturen og dyra, fuglane, insekt og småkryp som lever der. Vi ønskjer at barna skal kjenne glede ved å ferdast i naturen.

I Marihøna barnehage sorterer vi avfall, komposterar matavfallet, plukkar boss og dyrkar eigne grønsaker i kjøkkenhagen. Kvar vår klekker vi ut kyllingar og lar barna følgje livet i den digitale fuglekassa vår.

3.6 Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal ha ei helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.»

(Rammeplan for barnehagen 2017, s. 11)

I Marihøna barnehage betyr det at vi skal leggje til rette for at barna skal oppleve tryggleik, trivsel og meistring. Barnehagen skal delta på Alver kommune si satsing; Inkluderande barnehagemiljø. Barna skal gjennom denne satsinga sikrast eit trygt og inkluderande leike – og læringsmiljø. Det at barna er trygg, er ein del av eit fellesskap og har vene, er avgjerande for livsmeistring og god helse også seinare i livet.

Vi ønskjer at barnehagen skal ha ein førebyggjande funksjon ved å la barna bli kjent med kroppen sin gjennom prosjektarbeidet «Hele meg». Barna skal få erfaring med korleis kroppen fungerar, oppmuntrast til fysisk aktivitet og kvile, samt å smake på ny mat som kan skape sunne og varierte matvanar. I tillegg til å lære om den fysiske kroppen vil barna få kjennskap til ulike følelsjer, korleis dei kan kome til uttrykk og korleis barna kan handtera og regulera eigne følelsar. Personalet ønskjer å anerkjenne barna for dei følelsane dei har og at ingen følelsar er feil. Barnehagen skal vere ein trygg arena der barna kan tørre å utforske, utfalde seg og medverke i fellesskapet.

Vi ønskjer å hjelpe barna til å bli robuste både til å stå ved eigne meininger og til å si kunne seie nei. Å vere robust betyr å ha motstandskraft, kunne halde ut, sei ifrå og gjere motstand, men det betyr også å høyre på eigne følelser og tåle å stå i det, om ein ikkje får viljen sin igjennom.



4.0 Barnehagen sitt formål og innhold

«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalte skaparglede, undring og utforskarkrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 19)

4.1 Omsorg

«Omsorg er ein føresetnad for trivsel og tryggleik og for utvikling av empati og nestekjærleik... I barnehagen skal alle barn oppleve at dei vert sett, forstått og respekterte, og få den hjelp og støtte dei har behov for.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 19)

Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast i barnehagen. Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for.

Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personale og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personale skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barnas eigne omsorgshandlingar.

I Marihøna barnehage vil vi gjennom trygge og omsorgsfulle vaksne at barna skal oppleve meistring, eigenverdi og gje barna trua på seg sjølv. Dette lærer barn i aktivitet og samhandling med andre menneske. Vi er omsorgsfulle, trygge og sensitive vaksne som møter barna med respekt og innleiving gjennom å nytta ICDP og COS.



*Det du seier om meg,
det du trur om meg,
slik du er mot meg,
korleis du ser på meg,
kva du gjer mot meg,
korleis du høyrar på meg,*

SLIK BLIR EG!

4.2 Leik

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken er ein sentral arena for utvikling og læring... Barnehagen skal inspirere til og gje rom for, ulike typar leik, både ute og inne.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 20)

Marihøna Barnehage legg til rette for gode leikemiljø som stimulerer barnas fantasi og kreativitet, både inne og ute. Leiken er ein magisk verden, der dei vaksne berre får delta på barnas premissar. Leiken har eigenverdi, men er også barnas største læringsarena. I leiken kan barna prøve ut ulike roller, dei øver på kommunikasjon og språk og bearbeider inntrykk og opplevelingar. Leiken er der barn får delta i fellesskapet. Der barn ikkje vert inkludert eller klarer å kome inn i leiken, må personalet aktivt bidra til at alle barn får delta i leik.



LEIKEN KJEM FØRST!

4.3 Danning

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vera prøvande og nysgjerrige på omverda... Barnehagane skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s.21)

Danning er for kvart menneske ein livslang prosess som handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og måtar å være på.

I Marihøna Barnehage ønskjer vi å støtte barn til å vere utforskande og nysgjerrig på verda rundt seg. Vi vil hjelpe dei til å bli trygg på seg sjølv og ta modige og reflekerte val for seg sjølv og andre. Barna skal utvikla seg og modnast til å bli den beste utgåva av sjølv. Her skal personalet vera medmennese og rettleiarar på barna sin veg mot å finna sin identitet i samarbeid med heimen.

4.4 Læring

«I barnehagen skal barna få oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagane skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre sin læring.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 22)

All læring skjer i samspel mellom menneska. Tryggleik er ein føresetnad for læring. Det er derfor viktig å legge til rette for trygge og varierte læringssituasjonar i løpet av barnehagekvardagen. Vi skil mellom formelle og uformelle læringssituasjonar i barnehagen. Formelle læringssituasjonar er organiserte aktivitetar, med klare læringsmål. Uformell læring skjer mellom anna i rutinesituasjonar som påkledning, måltid, stellesituasjonar og liknande.

Læring skjer i størst mogeleg grad når barnet er positivt stimulert i eit trygt miljø. I Marihøna Barnehage vil vi setje av tid og rom for læring gjennom leik som er barnas største læringsarena.

Personalet må vere aktiv i kvardagssituasjonar der barna er undrande, nysgjerrig og viser initiativ til å søkje ny lærdom. Dei må undre seg saman med barna og dele av kunnskapen sin. Den vaksne må vere engasjert og oppfinnsam for å vekkje interesser hjå barn som ikkje sjølv oppsøkjer læringssituasjonar.

**BARNEHAGEN ER FØRSTE STEG PÅ BARNA SITT
UTDANNINGSLØP!**

4.5 Vennskap og fellesskap


«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Vidare skildrar ein konkret korleis barnehagen jobbar med denne verdien.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 22)

Alle barn skal møtast med tillit, respekt og anerkjening, uansett funksjonsnivå og nasjonalitet. Barna skal oppleve meistring og ein meaningsfylt kvardag i barnehagen, sett ut frå eige alders- og utviklingsnivå. Likskap og ulikskap skal gi rom for undring og forskartrong. Ulike kulturar og individuelle eigenskapar skal gis plass i barnehagen.

Mål: Marihøna barnehage skal leggje til rette for eit inkluderande barnehagemiljø for alle barn. Vi skal forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenking og uheldige samspillsmønstre.

Metodar:

- Implementering av nytt lovverk og satsinga Inkluderande barnehagemiljø
- Handlingsplan mot mobbing (Marihøna barnehage, 2018)
- Vennskapsprosjekt om hausten
- BlimE- NRK Super sin venskapskampane
- FORUT barneaksjon- «Barn hjelpar barn»
- ICDP- samspillsmetode
- PGS – «Problemløsning gjennom samtale»
- Barnesamtaler
- Samlingsstunder
- Medverknad frå foreldre
- Barns medverknad
- Leikegrupper
- «Steg for steg»
- Språkgrupper
- Grøne tankar, glade barn
- Kjerneverdiane våre



4.6 Samiske barn / fokus på samisk kultur

«Barnehagen skal bidra til at barna kan bli kjende med mangfaldet i sin eigen og andre sin kultur, og til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for heile det samiske mangfaldet.» (Rammeplan for barnehagen 2017s. 24)

«Barnehagen skal bidra til at barna kan bli kjende med mangfaldet i sin eigen og andre sin kultur, og til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for heile det samiske mangfaldet.» (Rammeplan for barnehagen 2017s. 24)

Vi legg til rette for at alle barn skal bli betre kjend med den samiske kulturen. Vi ønskjer at barna skal få kjennskap til samiske tradisjonar gjennom varierte sanseinntrykk, utforskning og opplevingar.



Dette gjer vi mellom anna gjennom å markere samefolketsdag 6 februar, lytte til musikk og joik, bli kjend med flagget og gje barna innblikk i samane sine verdiar og nærliek til naturen.

5.0 Barn si medverknad

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmunstre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 27)

Medverknad inneber at barnet skal gis moglegheit til å påverke sin kvar dag og på denne måten bidra til å skape sin eigen identitet. Barn skal ha rett til å uttala seg, verte høyrt og sett, og verte møtt med respekt.

Barna skal kunne lytte til andre, fremja si mening, men også tolke å verte sagt i mot. Barna skal erfara demokratiske avgjerder, der dei av og til får det slik dei vil, andre gongar må godta det motsette.

Barna sine kjensler og uttrykk skal tas på alvor. Vi vektlegg barnas synspunkt i samsvar med alder og modning, både i planlegging- og vurderingsarbeidet i barnehag



Frå barnekonvensjonen:

«Du har rett til å si hva du vil. Du har rett til å uttrykke det du er opptatt av, det du har på hjertet, det du tenker og føler og mener. Det står i alle barn og unges grunnlov.»

6.0 Samarbeid barnehage- heim

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling... Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål.»

(Rammeplan for barnehagen 2017 s. 29)

Dei kommunale barnehagane i Alver kommune nyttar Vigilo som kommunikasjonsverktøy i samarbeidet mellom barnehage og heim. I Vigilo kan foreldra melde fråvær, ferie, få info om barnet sin dag i barnehagen og sende meldingar til personalet på avdelinga til barnet. God dialog gjev meir effektive arbeidsdagar og meir tid til borna.

Mål: Marihøna barnehage ønskjer å leggje til rette for ein god barnehagekvardag for alle barn gjennom eit godt og nært samarbeid med heimen.

Metodar:

- Dagleg kontakt når barnet vert levert og henta.
- To planlagde foreldresamtalar i året, fleire ved behov, tolk ved behov.
- Foreldremøte
- Vi inviterer til medverknad på barnehagen sitt innhald og planar, gjennom tilbakemeldingar, på foreldremøte og via brukarundersøkingar
- Dokumentasjon/informasjon via Vigilo, barnehagens heime- og facebookside.
- Informasjon gjennom månadsbrev- og planar.

6.1 Foreldreråd og Samarbeidsutval

«Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 30)

«Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 30)

Alle foreldra utgjer foreldrerådet i Marihøna Barnehage. På foreldremøtet om hausten vert det vald representantar til Samarbeidsutvalet – SU. Su består av representantar frå foreldra, personalet og frå eigar/kommunen. Representantane vert vald for eit eller to år om gongen. Ein bør jobbe for ein kontinuitet slik at ikkje heile su vert bytte ut på ein gong. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv på første møtet.

Samarbeidsutvalet for Marihøna Barnehage 2020/2021:

Birte Ramse, Ingvild Lindborg, Karin Mongstad, Marthe Marøy (foreldre)

Mariell Hellestvedt (personale), Nina Solberg (personale) og Kristin Bredholt (styrar og skrivar)

7.0 Overgangar

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen... Personalaet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe...»

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga...»

Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 33)

For å få til gode rutinar og skape føreseielegheit, tryggleik og trivsel for barna, er det viktig å leggja til rette for gode overgangar. Alle barnehagane i Alver kommune, både kommunale og private, nyttar tre ulike overgangsskjema. Vi har eit skjema for overgangen mellom heim og barnehage, når barnet startar i barnehagen, eit skjema for overgang til ny avdeling eller ved skrifte mellom barnehagar, og eit skjema for overgang til skulen. Foreldra skal kjenna til, og ha moglegheit til å gje innspel til innhaldet i overgangsskjema. Dei skal også godkjenna at vi deler skjema med dei som skal ta i mot barnet på ny plass. I Alver kommune nyttar vi overgangsobjekt i tilknyting til dei ulike overgangane. Eit overgangsobjekt er gjenstandar, handlingar eller rutinar som barna er knytt til og/eller trivs med. Det kan være ein smokk, kosebamse, leikar, songar, spel eller liknande. Desse objekta kan hjelpe barna til å finne tryggleik og oppleve å høyre til i dei ulike overgangane.

I Marihøna Barnehage ønskjer vi å skape ein trygg og god relasjon til barn og foreldre. Vi ønskjer å ha ein oppstartssamtale med foreldra kort tid etter oppstart for å kunne tilpasse tilvenninga til barnet og familien på best mogeleg måte.

Siste året i barnehagen før skulestart går barna i førskulegruppe. Her har barna eigne prosjekt og aktivitetar. Barnehagen har overgangssamtalar med skulen om våren.

8.0 Barnehagen som pedagogisk verksemد

«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 37)

8.1 Planlegging og vurdering

«Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangpunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 37)

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen... Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 38)

Vurderingsarbeid som vert gjort gjennom barnehageåret er viktig, for å sikre kvaliteten i barnehagen. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.

Vurderingsarbeidet i Alver kommunale barnehagar, er delt inn i tre delar:

Foreldrevurdering

Gjennom mellom anna kvardagsdialogen, samarbeidsutvalet, foreldresamtaler og brukarundersøkinga til UDIR får vi mykje kunnskap om arbeidet vi gjer. Dette er med på å sikre foreldra sin medverknad til verksemda.

Personalvurdering

I Alver kommunale barnehagar nyttar vi Udir sin ståstadsanalyse får å kartlegge behov for endring og utvikling. Vi planlegg, gjennomfører og evaluerer, og sikrar på den måten at vi heile tida er i utvikling. Vi legg vi til rette for refleksjon kring arbeidet vi gjer på avdelingane og i barnehagen, og vi nyttar rettleiing og medarbeidarsamtalar i arbeidet med personalvurdering.

Barna si vurdering

Borna si vurdering er viktig i forhold til arbeidet med borna si medverknad på eige barnehagetilbod. Vi nyttar Barnesamtalar og spontane samtalar for å få kjennskap til barna sin trivsel og utvikling. Med dei yngste borna tolkar vi kroppsspråk og verbale ytringar, som kan fortelje oss kva barnet ynskjer og kva det trivast med å gjere.

8.2 Dokumentasjon

«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 39)

Mål: Gjennom dokumentasjon ønskjer vi;

- Å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis.
- Å leggja til rette for refleksjon over barnehagens verdigrunnlag og oppgåver, samt barnehagen som arena for leik, læring og utvikling.
- Gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemynde informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen vår.

Metodar:

- Praksisfortellingar
- Video
- Tilbakeblikk/samandrag av det vi har gjort
- Utstilling av barnas arbeid
- Bilete

Vi synleggjer dokumentasjonen:

- I Vigilo
- På avdelingane/i garderoben
- På barnehagens facebookside
- På barnehagens heimeside
- I månadsbrev
- Lokale utstillingar i bibliotek, rådhuset og liknande.



8.4 Barnehagen sin digitale praksis

«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 44)

Marihøna Barnehage nyttar personalet digitale verktøy i leik og læring saman med barna. Digitale verktøy skal brukast med omhu og ikkje dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utvikler ein begynnende etisk forståelse knytt til digitale medier.

I Marihøna Barnehage nyttar vi blant anna interaktiv tavle, digitale mikroskop, webkamera og Ipad. Vi abonnerer på det digitale verktøyet Salaby som er retta mot dei eldste barna i barnehagen. Programmet er ein

8.5 Satsingsområde 2020/2021

Felles satsingar for kommunen

Vaksenrolla

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s.8)


«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på.» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 9)

Alver kommune har eit stort fokus på vaksenrolla i barnehagen, og å styrke barna sin sosiale kompetanse. I dette arbeidet bruker barnehagane ICDP, KOS og DUÅ. Under avsnittet om barnehagen sine egne satsingsområda finn ein ei kort beskriving av programma som barnehagane har vald å nytta.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø(IBS)

Alver kommune er også en del av Læringsmiljøprosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», som er eit nasjonalt prosjekt med mål om å fremja eit godt læringsmiljø og førebyggja mobbing. Skulane og barnehagane jobbar med tema som læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling.

Gjennom prosjektet skal barnehagane få auka kompetanse om vennskap, leik, sosial kompetanse, læringsmiljø og mobbing i barnehagen. Dei skal auka kompetanse i barnehagen og i prosjektgruppa/arbeidsgruppa om førebyggjande arbeid i barnehagar, arbeid med mobbing og krenkingar slik dei førekjem i barnehagen. Foreldra skal involverast, slik at også dei kan gjere seg kjend med prosjektet.



Barnehagen sine eigne satsingsområde

ICDP

ICDP handlar om å fremme barns psykososiale utvikling. Målsettinga med ICDP er å understøtte omsorgskompetanse hjå dei som har omsorg for barn som sin profesjon. Programmet sikter først og fremst på å påverke kvaliteten av kontakten og samspelet i relasjonen mellom barn og vaksen. Heilt overordna kan ein sei at ICDP har tre hovudmål:

1. Å fremme den positive oppfatninga av og haldninga til barnet.
2. Å påverke den vaksne si forståing av kor viktig samhandlinga mellom omsorgsgivar og barnet er for barnets utvikling.
3. Å fremme omsorgsgjevar oppfatning av seg sjølv som kompetent og mestrande.

Dette er ein grunnhaldning hjå heile personalet som påverkar all samhandling med barna i barnehagen som i stor grad bidrar til ei god utvikling hjå barnet.

Berekraftig utvikling

Marihøna barnehage har saman med NLA Høgskulen hatt prosjekt Berekraft frå januar 2020 og skal halda fram i dette barnehageåret.

Målet er at BEREKRAFT skal vere ei viktig grunnstein i alt det pedagogisk arbeid. Det skal skape eit felles språk, forståing og tankesett rundt berekraft i barnehagen. Vi ønskjer ein innarbeidd berekraftig praksis. Der dei vaksne er gode rollemodellar, møter barna sin nysgjerrigkeit og deler sin kunnskap med barna og kvarandre.

Gjennom prosjektet ønskjer vi at barn og vaksne skal få auka kunnskap om:

- kjeldesortering og gjenbruk
- kompostering av matavfall med Bokashi metoden
- bli kjend med ulike arter
- å dyrke grønnsaker og smake på det som naturen kan gi oss




9.0 Barnehagens fagområder

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen... Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda.» (Rammeplan for barnehagen 2017, s.47)

Rammeplan for barnehagen definerer sju fagområde for barnehagen:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Mengd, rom og form

Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt og vil sjeldan opptre aleine. I Alver sine kommunale barnehagar tenker vi tverrfagleg, både i kvardagssituasjonar og i pedagogiske opplegg. Gjennom å tenke heilskapleg trekker vi inn dei ulike fagområda i både formelle og uformelle læringssituasjonar. Leiken er for oss ein viktig inngong til å arbeide med dei ulike fagområda.



9.1 Kommunikasjon, språk og tekst

Mål:	Metodar:
Gje barna god forståing av kvardagslege omgrep.	Tema-/prosjektarbeid Samlingsstunder Gode samtalar, med felles fokus Songar, rim og regler Bruk av digital tavle (IKT)
Alle barn skal bli høyrd.	Lyttande, aktive og sensitive vaksne
Alle barn skal lære å uttrykkje seg verbalt og kroppsleg.	Drama Vi set ord på- og namngjev Bruk av konkretar TRAS- Tidlig Registrering Av Språkutvikling Språkgrupper
Gje barna leselyst	Tilgjengelege bøker ved avdelingane Høgtlesing og forteljing Bilet- og peikebøker Språkgrupper med barnebøker som tema
Fange opp manglar/vanskar i enkeltbarn sin språkutvikling	TRAS- Tidlig Registrering Av Språkutvikling Steg for steg Vaksne i tett samspel- og gode samtalar med barn
Sikre barna eit best mogleg språkleg utgangspunkt før skulestart	Vi arbeidar ut i frå fastsette språkstandarar , for å sikre alle barn eit likt- og heilskapleg tilbod, med fokus på språk som basiskompetanse


9.2 Kropp, rørsle, mat og helse

Mål:	Metodar:
Alle barn skal oppleve meistring og glede på tur	Gi barna positive erfaringar med turar i ulendt terreng. Tematurar. Turgrupper etter alder og mogning. Medverknad.
Positivt sjølvbilde, gjennom motorisk meistring	Turar i skog og mark. Sansemotoriske aktivitetar, ute og inne. Hinderløype.
Lære namn på kroppsdelane	Setje ord på og peike. Vi undrar oss saman med barna. Songar, rim og regler.
Gi barna kjennskap til sansane våre.	Gi barna erfaringar med dei ulike sansane. Vi lukter, føler, smakar og lyttar. Sanseboksar og sansebrett.
Gi barna erfaring med eit normalt, sunt kosthald	Måltid med fokus på eit sundt kosthald. Samtaler kring maten vi et og korleis den påverkar oss. Matlagingsgrupper kvar fredag.
Lære gode rutinar for handvask og hygiene	Handvask etter toalettbesøk og før måltida. Samtaler.



9.3 Kunst, kultur og kreativitet

Mål:	Metodar:
Gi rom for barna sin kreativitet og skaparglede.	Teikning, maling, perle, klipping, liming, veving, sløyd m.m. Tilgjengeleg formingsmateriell. Jule- og påskeverkstad.
Barna skal bli kjend med barnehagen sitt nærmiljø.	Turar i nærmiljøet, skulebesøk, Gardsbesøk, brannvernveke.
Barna skal kjenne til Samane og samisk kultur.	Samisk uke, der vi mellom annen feirar samane sin nasjonaldag
Barna skal ha kunnskap om dei ulike land/kulturar som er representert i barnegruppa.	Samtaler Samlingsstunder Songar, teljing, flagg m.m. Eventyr og forteljingar. Foreldremedverknad



9.4 Natur, miljø og teknologi

Mål:	Metodar:
Gi barna gode naturopplevingar.	Turar tilpassa barna sine utviklingsnivå. Aktive vaksne, som legg til rette for gode turopplevingar.
Gi barna gode haldningar og ei gryande forståing for samspelet mellom natur og menneske.	Kjeldesortering Samtalar Samlingsstunder Ryddeaksjonar Turar til fjæra
Barna skal utvikle respekt for plantar, dyr og naturen kring oss.	Gi rom for undring. Formelle/uformelle samtaler. Gardsbesøk under lamminga i mai. «Frå jord til bord» prosjekt.
Skape forskartrong.	Ulike forsøk. Tilgjengeleg utstyr. Vi stiller spørsmål og undrar oss saman med barna Besøk på VilVite med førskulebarna.



9.5 Mengd, rom og form

Mål:	Metodar:
Gi barna kunnskap om tal, teljing og tal omgrep.	Bruk av teljing i kvardagssituasjonar, som før vi syng, under påkledning og når vi dekker bordet. Teljing i formelle læringsituasjonar, som under samlingar, på tur og under temaarbeid. Pedagogisk verktøy: Mattekassen, Mattemeisen
Barna skal ha kjennskap til omgrep som tid, mål og vekt.	Vi undrar oss samen med barna; Kva Stein er tyngst? Kor lang tid er «smart»? Vi måler barna. Matlagning. Samlingsstunder. Bruk av formingsaktivitetar med ulikt materiale. Spel og bruk av terningar.
Gi barna kjennskap til viktige matematiske omgrep, som trekant, firkant og sirkel.	Vi måler, veg og samanliknar. Vi øver på preposisjonar, under, oppå, ved sida av.
Gi barna kunnskap om storleik og plassering. · Barna skal få erfaring med sortering og samanlikning ut i frå ulike kategoriar.	Konstruksjonsleik med Lego, perler, plastilina og liknande. Vi sorterer leiker når vi ryddar. Vi måler barna og samanliknar. Kven er høgst og kven er minst? Vi lager rekker av barn og sorterer etter høgda.
Gi barna forståing av at tal nyttas på mange måtar og i ulike samanhengar.	Tal som tal /mengde (Kardinaltal). Tal som nummer i ein rekkjefølgje (Ordinaltal). Tall som namn.



9.6 Etikk, religion og filosofi

Mål:	Metodar:
Barna skal utvikle respekt og toleranse for andre menneskjer	Samlingsstunder «alle med» «steg for steg» ICDP
Barna skal skilje mellom gode og dårlege handlingar	Forut aksjon – Barn hjelper barn. Vennskapsprosjektet. «Hele meg»
Nysgjerrige barn, som vågar å stille spørsmål	Gode rollemodellar. Uformelle samtalar. Aktive vaksne, som støttar barna i konfliktløysing. Positiv grensesetting. Undrande og nysgjerrige vaksne, som lyttar og gjer seg tid i samtalar med barna.
Barna skal ha kjennskap til påske- og julebodskapen	Markering av jule- og påske høgtida.



9.7 Nærmiljø og samfunn

Mål:	Metodar:
Gi barna kjennskap til nærmiljøet- og nærmiljøets kulturhistorie	Turar Samtaler Gardsbesøk Hausting av eple, pærer og plommer, etter avtale med hageeigar i nærmiljøet.
Gi innsikt i korleis barn i andre land lever	Forut aksjonen- barn hjelper barn.
Gi barna kjennskap til grunnleggjande brannvern.	Brannvernveka: Brannøving i samarbeid med lokal brannstasjon.
Barna skal være kjent med det lokale biblioteket	Besøk på biblioteket Utstilling/dokumentasjon av barnehagen sitt arbeid og kunst i bibliotekets lokale.
Vere eit samlingspunkt for foreldre og barn	Foreldrecafè og besteforeldrecafè



10.0 Progresjonsplanar

«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehagen sitt innhald, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring» (Rammeplan for barnehagen 2017 s. 44)

Mål: Alle barn i Marihøna barnehage skal oppleve meistring, samstundes som dei til ein kvar tid har noko å strekkja seg etter.

Metodar:

- Progresjonsplan for fagområda
- Språkstandardar
- Bevisst bruk av materiale, bøkar, leiker, verktøy og utstyr.
- Aldersinndelte grupper ved avdelingane
- Kjerneverdiane våre
- «Alle med» - kartleggingsmateriale
- TRAS – Tidlig Registrering Av Språk
- Språkgrupper
- Førskulegruppe
- Grøne tankar, glade barn

Progresjonsplan for fagområda

Fagområde/alder	0-2 år	3-4 år	5-6 år
Kunst, kultur og kreativitet	Samtale og syngje om det ein ser og opplever. Bruk av rørslesongar. Få erfaring med ulike materialar. Bruke sanseinntrykk; lytte, føle, sjå, lukte. Tekne, male og lime. Kjennskap til primærfarger og blanding av disse. Enkle rim og regler. Få erfaring med rytmearinstrumenta. Møte ulike biletbøker. Enkle eventyr. Lære barnesongar med rørsle og teikn.	Kjennskap til primærfargene og blanding av farger. Fargelegging. Leikeskriving. Dramatisere kjente eventyr. Songar med fleire vers og handling. Songleikar. Fokus på kjensler, i bruk av kreative uttrykk. Øve på riktig blyantgrep. Bruke ulike reiskapar, som blyant, saks, pensel, verktøy og kniv. Lære enkle dansar.	Øve på riktig grep på blyanten. Fargelegging innafor strekane. Strek-til-strek teikning. Øve på bokstavar. Vera med å finne fram ulike materiale for å skape eit produkt. Kunne bruke rytmearinstrumenta. Delta i enkle skodespel og øve seg i å opptre for eit publikum. Lage og prøve ut skuggeteater/dokketeater.

Natur, miljø og teknologi	Skape interesser for planter og dyr. Kjennskap til dyrelydar. Kjennskap til ulike kroppsdelar. Begynnande kjennskap til bruk av I-pad og interaktiv tavle.	Dyr, planter og insekter. Omgrep om kroppen Kjennskap til kjeldesortering. Kjennskap til dei ulike årstidene. Erfaring med å så- og hauste ulike grønsaker. Matlagning med eigeproduserte matvarer. Enkle fysikkforsøk. Frø blir til plante. Kjennskap til bruk av digitale verktøy, som I-pad, digital tavle, fotoapparat og digitalt mikroskop.	Kunne namn på de mest kjende dyra, blomstra, insekta, fuglar og fisk. Kjennskap til Kjelde sortering. Så og hauste bær og grønsaker. Grunnleggjande forståing for korleis sunn mat gir grunnlag for god helse. Enkel geografi Kjennskap til kart og land. God kjennskap til bruk av digitale verktøy.
Fagområde/alder	0-2 år	3-4 år	5-6 år
Nærmiljø og samfunn	Bli kjend med barnehagen, inne og ute. Turar i nærmiljøet. Fast Referanse-stad som vert fulgt gjennom årstidene. Sanse og oppleve, gjennom kroppsleg aktivitet.	Lengre turar i nærmiljøet. Bli kjend med ulike yrke. Medverke i planlegging av ulike aktivitetar/tradisjonar. Kjennskap til ulike former for media. Innføring i enkle trafikkreglar. Songar om landet vårt, og nærmiljøet. Kjennskap til dei ulike husdyra som lever på gardane i Meland.	Lengre turar i nærmiljøet. God kjennskap til trafikkreglar og korleis vi opptrer i trafikken. Kjennskap til den lokale skulen og skulen sitt leikeområde. Innsikt i- og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Kjennskap til sjukeheimen og Rådhuset i Meland.
Kommunikasjon, språk og tekst	Mimikk og ansiktsuttrykk. Rim og reglar, songar med rørsle. Konkret materiell for å styrke språket. Biletbøker og enkle forteljingar. Bli kjent med enkel bruk av «teikn til tale».	Rollelek. Leik med språk, rim og reglar. Overomgrep og leikeskriving. Felles opplevingar og gode samtalar, både før og etter. Språkleikar, eventyr, faktabøker, rim og reglar, spel. Ta barna med på planlegging og vurdering. Opne opp for nysgjerrigkeit rundt bokstavar og skriving. Språkstimulerande materiell	Rollelek. Tekstskaping, bokstaver. Skape interesse for skulen og det som skjer der. Tal og teljing Regelleikar. Rytmen i språket. Vitsar og gåter. Dramatisering.

Mengd, rom og form	Puttekasser, bygging med klossar og duplo. Puslespel. Sansemotoriske aktivitetar. Rim og reglar. Telle til tre. Enkle eksperimenter.	Telle til 10, kjennskap til tala. Par kople/peiketelje. Kjennskap til mål/ vekt. Kunne fagnar. Sortere, kunne namn på former, sandkasseleik og konstruksjon. Kjenne til omgrep som: over/under, bak/føre, liten/stor, låg/høg, høgre/venstre. Lyd, rytme og takt. Matlagning med bruk av enkle måleiningar. Dag, dato, månad, tid. kunnskap om storlek: størst, mellomst og minst/lang og kort/høy og lav.	Kunne mengder opp til 10. Skrive eige namn. Læra månader og vekedagar i rekjkjefølgje. Forstå preposisjonar; over, under, ved sida av. Spele terning-/brett spel. Regelleik. Kjennskap til enkle geometriske former. Tal i ulike formar: Tal som tal/mengde (Kardinaltal), Tal som nummer i ein rekjkjefølgje (Ordinaltal), tal som namn. Telje til tre på ulike språk.
Fagområde/alder	0-2 år	3-4 år	5-6 år
Kropp, rørsle, mat og helse	Kroppskontakt/nærleik. Omsorg. Ro og kvile. Nye smaksopplevelingar. Rørsle til musikk. Enkle songleikar Leik med vann. kjenne att namn på kroppsdelar. Korte turar. Påkledning. Sansing gjennom kropp og rørsle. Få erfaring med å bake og matlagning.	Faste turdagar. Allsidige turar i ulendt terreng. Delta i planlegging av turar. Lære seg namn på kroppsdelar. Bake/matlagning. Lage mat ute. Lære seg å handtera kniv (spikking). Meistre å kle på seg sjølve. Songleikar. Hoppe, løpa, rulle, krype og klatre. Øve på å hinke.	Lære om kroppens indre organ/funksjonar. Lengre turar i ulendt terreng. Tur på skuleveg. Vera med å avgjere kler etter vær. Lære om menneskekroppen og få forståing av sundt kosthald. Hinke.
Etikk, religion og filosofi	Lære korleis vi er mot kvarandre. Markering av høgtidar. Adventsamling etter alder og utvikling. Enkle bildebøker.	Lucia feiring Adventsamling Konfliktløysing. Vi øver på empati. Bøker med biletar og enkle tekstar. Innblíkk i kulturar/land som er representert i barne- og personalgruppa.	Dramatisering/rollespel med problemstillingar innafor sosial kompetanse. Innblíkk i andre land/kulturar og aktuelle høgtidar innafor disse. Setje ord på følelsar. Adventsamling med dramatisering av juleevangeliet.

11.0 Årshjul for barnehagen

MÅNAD	AKTIVITET
August	<p>*Tema vennskap/kjensler</p> <p>13. og 14.8. Planleggingsdagar – barnehagen er stengt</p> <p>*Uke 35 hovudlus-kampanje</p>
September	<p>*Fotografering</p> <p>*Ren-hand kampanje</p> <p>*Uke 38 Brannvernveka</p>
Oktober	<p>*Uke 41 Haustferie for skulane(Ønsker tilbakemelding dersom de tar fri)</p> <p>FORUT prosjekt</p> <p>*Foreldremøte, 13 oktober kl. 19.00-20.15</p> <p>*Foreldresamtalar</p>
November	<p>*Uke 45-46 Språkveker</p> <p>*Uke 47 Matteveke</p> <p>06.11. Planleggingsdag – barnehagen er stengt</p>
Desember	<p>*11.12. Lucia – markering</p> <p>*17.12. Nissefest med julegraut (Gjeld berre barna)</p>
Januar	
Februar	<p>5.2 Planleggingsdag – barnehagen er stengt</p> <p>*19.02. Karneval</p>
Mars	<p>* 9 mars - Barnehagedagen med tema klima og miljø</p> <p>*Uke 9 Vinterferie for skulane (Ønsker tilbakemelding dersom de tar fri)</p> <p>*22.03 Vi markera Rockesokkfestivalen/verdas dag for Downs Syndrom</p>

April	<p>* Onsdag 31 mars – barnehagen stenger kl.12.00</p> <p>*Påskestengt 1-5 april</p> <p>*Vi startar Rugemaskinen *Foreldresamtalar *Skulebesøk for førskulebarna (dersom det er mogeleg utifrå gjeldande smittevernsreglar)</p>
Mai	<p>*12.05. 17. mai markering</p> <p>*20.05. Sykkeldag</p> <p>14.05. Planleggingsdag</p> <p>*26.05. Besteforeldre treff (dersom det er mogeleg utifrå gjeldande smittevernsreglar)</p>
Juni	<p>*Uke 23. Avslutningstur for skulestartarane</p> <p>09.06. Sommarfest (dersom det er mogeleg utifrå gjeldande smittevernsreglar)</p>